




HEIME: Rest for jø fekk Steinar Øvrebo heim dokumentasjonen på bjørnejakta i Magadan i Sibir for 1 1/2 år sidan. – Det er ein flott oppleving å sitje under denne 2,10 meter høge bjørneskuffen og la tankane gå til jaktopplevingane i Magadan, seier Øvrebo. Foto: Stig Roger Eide



AKKER: På dette bildet har Steinar Øvrebo akkurat skote sin andre bjørn i Russland.

– Bjørnen er omtrent tre gonger så stor som bjørnen som vart skoten på Vedebreen i Fjærland i fjor sommar, seier Øvrebo. Saman med Øvrebo sit også hans russiske jaktguide. Foto: Privat

Jølstring med russisk bjørnefeber

Steinar Øvrebo sit i veststova si på Ålhus med ein 2,10 meter høg brunbjørn bak seg. Ved sida av ligg ein annan bamse i same kaliber. Jølstringen har skote begge sjølv.

Det ta brunbjørnane er eit minne frå ein jakttur i Sibir for snart to år sidan.

– Det var ei fantastisk oppleving å jakte brunbjørn i Magadan. Ikkje minst når vi hadde oppdaga bjørnane og nærma oss dei sakke, men sikkert. Det var vanvittig spennande, og zoko da opplever ein gang i livet, seier Øvrebo. Sjølv om det snart er to år sidan jakta i Sibir, hugsar han laura som out det var i går. Det var i byrjinga av mai 2007 jølstringen fekk den store bjørneopplevinga i dei russiske skogane.

– Det var ein heilt unik tur, saman med dei fire søgningane Per Steinar Mellås, Johannes Haugen, Halvard Ginde, Per Nordstafa og dyktige russiske guidar. Vi fekte sju brunbjørnar til saman, fortel Øvrebo.

Bjørnane som jølstringen skaut vog mellom 300 og 400 kilo. Når dei stod på to hsidde begge ei høgde på rundt 2,10 meter.

– Dette er sjølvsagt ikkje rekordstort, men jammen var det nokre skikkelig ruggar der dei vandra i skogen, seier Øvrebo.

– Og det mangla ikkje på bamsar i området der jakta f. i. l. leipst av to veker gjorde Øvrebo og jaktlaget 71 bjørneobservasjonar.

Del fem lokale jegerane fekk alle skote minst ein bjørn kvar, og i etterkant har dei alle fått dyra utstappa. Rest for jul kom dei to bjørnane til Steinar Øvrebo til Ålhus.

– Heldigvis var dette tur finansiert. For med trøbbel-

gift, grunnavgift på jakta, reiseutgifter, frakt og utgifter til utstopping og anna hadde og i dag ikkje hatt økonomi til å hente heim begge to, seier Øvrebo når han viser oss dei to eksemplara som preparant Monica Landøy frå Flora fekk ferdigtilt rett for nyttår.

– Landøy har gjort ein straleg flott jobb med desse to skrotiane. Og det er vel ingen tvil om at vi har ein av landets beste preparantar i vårt eige fylke, skryt Øvrebo.

Han vil mest sannsynleg vise fram den eine bjørnen sin i Førde førstkomande månad.

– Det er strøkk om at eg skal vise fram den eine bjørnen og har ståande på sokkel under villmarkskvelden i Førde. Det kan jo vere greit for lokale jegerar å få sjå storleiken, seier Øvrebo.

«Jakta på brunbjørnane i Magadan overgår alt. Difor set eg meg av og til ned under desse gigantiske brunbjørnane og gjenopplever hendingane» Steinar Øvrebo

Bjørnane han skaut i Russland er tre gonger større enn brunbjørnen som vart skoten på Vedebreen i Fjærland i fjor sommar.

– Eg har vore oppteken av jakt gjennom heile livet, og har ikkje tal på kor mange hjortar og anna eg har felt. Eg har

også skote ein svarthjorn i Canada, men jakta på brunbjørnane i Magadan overgår alt. Difor set eg meg av og til ned under desse gigantiske brunbjørnane og gjenopplever hendingane, seier Øvrebo. Han hugsar godt korleis han kasta seg ned, fekk god liggjestilling og kjende kor pulsen steig då det nærma seg skotet.

– Det er jo nesten for flott å ha desse to bjørnane her heime hos meg. Vi skal jo ikkje meir enn omtrent 100 år tilbake i tid sidan slike krobatar rusla rundt i terrenget, seier Øvrebo.

Han er ikkje framand for å beige ut bjørnane sine, for å gje tilreisande nye opplevingar. Øvrebo trur til dømes turistar og skulelevar vil kenne sette pris på å oppleve bjørnane hans på nært håld.

– Og for min eigen del treng eg ikkje lenger gå rundt dette bjørnehovudet som ein hovmeister og amble, ler Øvrebo.